

# LINDÅS KOMMUNE

## REGULERINGSFØRESEGNER FOR:

jf. plan- og bygningslovens (tbl) § 12-7

## PLANNAVN: FV404

## PARSELL KVAMME- TIL KRYSS VED VEG TIL FOSSAVATNNET

Saksnr. 10/2197

Nasjonal arealplanID 1263\_201112

Vedtatt dd.mm.åå @@@@.@@@.@@@

Sist revidert 25.05.2016

**Desse reguleringsføresegnehene gjeld for område vist med reguleringsgrense på plankart 1 til 2 i mål 1:1000, datert/revidert 25.05.2016**

### Området er regulert til følgjande føremål:

Bygninger og anlegg

(Pbl. § 12-5 nr. 1)

- Bustader og anlegg
- Bustader
- Næringsbygning
- Idrettsanlegg
- Energianlegg

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(Pbl. § 12-5 nr. 2)

- Veg
- Køyreveg
- Gang- og sykkelveg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Kombinert formål for samferdselsanlegg

Landbruks-, natur- og friluftsområder

(Pbl. § 12-5 nr. 5)

- LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemnd basert på ressursgrunnlaget på garden
- LNFR- areal for spreidde bustader

Bruk og vern av sjø og vassdrag

(Pbl. § 12-5 nr. 6)

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Sikringssoner

(Pbl. §12-6 jf. §11-8 a 1)

- Frisikt

Omsynssoner

(Pbl. §12-6 jf. §11-8 c)

- Omsyn landbruk
- Bevaring av kulturmiljø

Føresegner i reguleringsplan (Pbl. § 12-7)

- Anlegg- og riggområde

## § 1 FELLES FØRESEGNER

### 1.1 Generelt

Mindre avvik i formåls grenser innanfor område Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (tbl. §12-5 nr. 2, vil kunne skje som følge av uventa tilhøve, som t.d. grunnforhold eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponeras til vegføremål vil fråvike noko frå det som går fram av føremåls grensene i planen.

### 1.2 Estetisk kvalitet

Omsynet til landskap skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplan og i gjennomføring av anleggsarbeidet. Prinsipp for utforming av sideareal, revegetering og utforming av tekniske anlegg, skal gå fram av planane. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig med resten av anlegget.

### 1.3 Jordbruksareal

Før utbygging skal det gjerast greie for handtering av jordressursane. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) som vert utbygd skal sikrast vidare bruk, primært til jordbruksformål.

### 1.4 Kulturminne

Før riving av løe på gnr. 146 bnr. 7 som i plankart er markert som i strid med planforslaget skal denne dokumenterast med foto. Ved fjerning av gamle tre skal desse dokumenterast ved foto. I anleggsperioden skal det takast omsyn til SEFRAK registrerte hus, jordkjellarar og steingardar.

### 1.5 Kablar og kommunaltekniske anlegg

Slike anlegg under bakkenivå kan leggast der det er tenleg alle stader i planområdet i samråd med vegstyresmaktene.

### 1.6 Avkjørsler

Avkjørsler på plankart markert med symbol er jordbruksavkjørsler. Det skal ved søknad om opparbeiding av avkjørlene dokumentarast at avkjørlene tilfredsstiller krav til sikt, stigning m.m.

### 1.7 Stenging av avkjørsler

Avkjørsler som i plankartet er vist som avkjørsler som skal stengast, kan ikkje stengast før tilfredstillande tilkomst til bustadene/områda det gjeld er sikra.

## 1.8 Utfyllande planar og dokumentasjon

### 1.8.1 Byggeplan

Før utbygging av veganlegget skal det utarbeidast ein byggeplan ihht. Statens vegvesen sine handbøker og retningslinjer.

### 1.8.2 Plan for ytre miljø

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø som skal sikre at alle relevante miljøkrav vert ivaretakne i anleggs- og driftsfasen. Planen skal føreligge saman med byggeplanen.

### 1.8.3 Støyskjerming

Bustader skal skjermast frå vegtrafikkstøy ihht. støyretningsline T-1442 (2012).

## § 2 EIGARFORM

### 2.1 Offentlege formål

2.1.1 Formål merka o\_ med tilhøyrande annan veggrunn- grøntareal (o\_SVG) skal vere offentleg.

### 2.2 Felles formål

2.2.1 Formål merka f\_ med annan veggrunn- grøntareal skal vere felles (f\_SVG). Felles vegar er felles for dei eigedommane som har regulert tilkomst frå den aktuelle vegen.

## § 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

(tbl § 12 – 5 nr. 1)

### 3.1 Bustader og anlegg

Gjeldandearealbruk ihht. overordna plan eller vedteken reguleringsplan som er stadfesta.

### 3.2 Bustader

Gjeldandearealbruk ihht. overordna plan eller vedteken reguleringsplan som er stadfesta.

### 3.3 Næringsbygningars

Gjeldandearealbruk ihht. overordna plan eller vedteken reguleringsplan som er stadfesta.

### 3.4 Idrettsanlegg

Gjeldandearealbruk ihht. overordna plan eller vedteken reguleringsplan som er stadfesta.

### 3.5 Energianlegg

Det kan innanfor arealet førast opp nettstasjon for energiforsyning.

## § 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(tbl § 12 – 5 nr. 2)

### 4.1 Generelt

4.2.1 Innanfor arealformål regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er det hove til å justere grenser og endre grenser for desse formåla for gjennomføring av veganlegget i ulike byggetrinn og for tilpassing mellom eksisterande og ny veg.

4.2.2 Murar skal fortrinnsvis opparbeidast i naturstein og skal gjevast ei estetisk utforming.

### 4.3 Køyreveg

4.3.1 Køyreveg omfattar offentleg veg med tilliggjande fortau. Køyreveg skal opparbeidast med utforming og vegbreidder som vist på plankartet.

### 4.4 Veg

4.4.1 Veg omfattar felles og private sidevegar. Veg skal opparbeidast med utforming og vegbreidder som vist på plankart.

4.4.2 Sørleg avkjøring på f\_SV10 skal kun nyttast til innkjøring frå sør for varelevering til næringsverksem og skal skiltast med utkjøring forbode. Om næringsverksemda opphører skal avkjøringa stengast for kjøretøy.

### 4.5 Annan veggrunn – grøntareal

4.5.1 Anna veggrunn grøntareal vert nytta til skjeringar, fyllingar, rekksverk, murar og grøfta m.m. Det kan innanfor arealet plasserast veglys, nettstasjonar, rekksverk, og anna infrastruktur og tekniske anlegg som er ein naturleg del av veganlegget. Mindre avvik i skråningsutslag innanfor annan veggrunn grøntareal og tilstøytande reguleringsformål, kan førekoma som følgje av uførutsette forhold. Dette medfører at endeeleg grense mellom annan veggrunn grøntareal og tilstøytande areal kan avvike noko frå det som ligg i plankart.

4.5.2 Det kan innanfor annan veggrunn grøntareal leggast til rette for trappetilkomst til gnr. 141 bnr. 15 og gnr. 145 bnr. 67.

4.5.3 Innanfor felles annan veggrunn grøntareal (f\_SVG) på gnr. 144 bnr. 41 kan det leggast til rette for parkeringsplassar.

### 4.6 Kombinert formål for samferdselsanlegg

4.6.1 Areal skal nyttast til kombinert gang- og sykkelveg og veg/køyreveg.

## § 5 Landbruks-, natur- og friluftsområder

(tbl § 12 – 5 nr. 5)

- 5.2 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemد basert på ressursgrunnlaget på garden**
- 5.2.1** Gjeldande arealbruk ihht. overordna plan eller vedteken reguleringsplan som er stadfesta.

## **§ 6** **OMSYNNSONER** (pbl § 12-6)

**6.2 Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8 a)**

**6.2.1 Frisiktzone**

6.2.1.1 Frisiktsoner er angitt på plankartet. I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 m over tilstøytande vegars plan. I frisiktsonene er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting o.a. som er til hinder for frisikt i ei høgd av 0,5 m over vegplanet.

**6.2.2 Omsyn landbruk**

6.2.2.1 Innanfor omsynssone landbruk skal det sikrast gjenbruk av jord frå jordbruksareal jf. § 1.3

**6.2.3 Bevaring kulturmiljø**

6.2.3.1 Området er bevaringssone rundt automatisk freda kulturminne. Det skal innanfor omsynssona ikkje settast i gang tiltak som kan medføre skade eller skjemme kulturminnet. Alle terrengeingrep innanfor sona skal gjerast i samråd med kulturminnemyndighetene.

## **§ 7** **Føresegner i reguleringsplan** (pbl § 12 – 7)

**7.2 Anlegg- og riggområde.**

7.2.1 Areal avsett til anlegg- og riggområde kan nyttast til midlertidig område for rigg/anlegg. Områda skal berre nyttast til anlegg- og riggområde ved bygging av veganlegget med tilhøyrande anlegg. Når vegen med tilliggjande areal er ferdigstilt skal areal tilbakeførast til underliggende reguleringsføremål og seinast innan eit år etter at vegtiltaket er fullført.

**Føresegnene er i samsvar med  
kommunestyrets vedtak**

---

**sekjonsleiar**